

**971468661**

**AUD SØLVI FOSSE**

**Mobilnummer**  
481 44 494

**E-postadresse**  
terjedre@online.no

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 81258

**Vedtaksdato**  
26.10.2023

**Vedtaket er gjort av**  
Alver kommune

**Søknadsdato**  
27.02.2023

**Vår referanse**  
2023/1910, Agros 223846

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Beiteområde Sørgarden**

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 24 620 kroner i tilskot til AUD SØLVI FOSSE til Beiteområde Sørgarden. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.10.2026.

---

Alver kommune viser til søknad av 27.02.2023.

### **Bakgrunn i saka**

AUD SØLVI FOSSE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 27.02.2023. Du søker om totalt 42 800 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.08.2023-31.07.2026. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 85 600 kroner.

Søknaden gjeld rydding og tynning av kratt på innmarksbeite - tilsaman 6 daa. Vidare riving av eldre gjerde og oppsetting av nytt permanent gjerde - tilsaman 493m jf. kart vedlagt søknaden. Noko av gjerdet må setjast opp på fjell. Søknaden omfattar òg drenering av vått areal ved utløpet av "Blautemyra".

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedommen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gått gjennom artskart via gardskart og naturbasen. Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram etter søker i artskart (via gardskart) og naturbasen finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Tiltaket er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Etter ei samla vurdering har vi komme fram til at det tiltaket det er søkt om ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen meiner at delar av tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket§1. Inngjerding og rydding av innmarksbeite er høgt prioritert etter gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune. Dette gjeld delar av gjerdet og rydding av kratt med meir for å opparbeide gjerde.

Når det gjeld nedtaking av gjerde med grunngjeving av at det er farleg for lam, har ikkje kommunen løvd tilskot til dette i andre saker og kan i utgangspunktet heller ikkje gjere det i dette tilfellet. Vi er òg i ein situasjon der vi har lite midlar i høve det som er kome inn av gode prosjekt for ordninga. Vi lyt difor prioritere ned den delen av gjerdet som i dag har gjerde, sjølv om slikt gjerde kan vere farleg for små lam. Å setje opp straumgjerde langs innsida på dette gjerdet, kan vere ei løysing, sjølv om det kan krevje auka tilsyn.

Oppsetting av køyregrindar, der det er turvande i samband med gjerdinga, kan òg godkjennast innan ordninga.

Gjerding og bruk som beite vil hindre attgroing og hjelpe til med å halde kulturlandskapet i hevd.

Delar av arealet er registrert som skog i gardskartet. Etter å ha vurdert areal under synfaring, meiner administrasjonen at det er naturleg å sjå det i samanheng med innmarka på bruket. Dette sjølv om flybilete frå 1949 syner at det den gong òg var skog på arealet. Søkjar har, vurdert ut frå same synfaring, gjort eit godt arbeid med å rydde/få fram att anna attgrodd areal på bruket. Administrasjonen meiner såleis at heile det arealet som er søkt rydda/gjerda inn går inn under definisjonen av samanhengande gammal kulturmark: "Gammel kulturmark er arealer med vegetasjon utforma ved slått, beiting, styving, brenning eller andre driftsformer gjennom en lang periode, ofte uten tilførsel av gjødsel, og med et plante- og dyreliv som skiller seg fra det som ellers kan være vanlig i området. Slik kulturmark kjennetegnes også ved spor etter gamle driftsmåter (i terrenget overflaten, rydningsrøyser, murer, styvingstrær, m.m.) og andre kulturminner i området (gravhauger, hustufter, m.m.). Arealene er ikke preget av moderne jordarbeiding, men er dominert av naturlig gras- og urtevegetasjon." Jf. Rundskriv 2021/18 Kommentarer til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket."

Dreneringstiltak kan det ikkje løvvast SMIL-midlar til. Som søker er kjent med, er det ei eiga ordning for dette, noko som vart drøfta under synfaringa.

Tilskotet er rekna ut slik med utgangspunkt i kostnadane areal som skal ryddast og lengd meter der det ikkje er gamalt gjerde. Dette igjen med utgangspunkt i opplysingar frå søker og kva som er retningsgjevande i tiltaksstrategien for ordninga.

Rydding av gammalt innmarksbeite delvis def. som skog i dag 6,0 daa à 3000kr/daa = kr 18.000,- (kostnad)

Gjerding (493 - 140)m m à 80kr/m = kr 28.240,-

Køyregrinder 2 stk à kr 1500/stk = kr 3.000,-

Sum godkjent kostnad: kr. 49.240,-

Det er ikkje att midlar til å løyve ekstra for gjerding i fjell.

Det kan løvvast inntil 50% av godkjent kostnad.

50% av 49.240 vert kr 24.620,- som er maksimalt tilskot vi kan løyve.

#### Konklusjon:

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil 14.120 kr til oppsetting av 353 meter gjerde rundt beiteareal på gnr 325, bnr. 11 som vist i kart som ligg ved søknaden og med utgangspunkt i kostnadsløsninger/vurderinger som synt ovanfor. Vidare kr. 9000,- for rydding av inntil 6 daa gamalt, attgrodd kulturbete og med skog kring dette. Endelig vert det løyvd kr. 1.500 for oppsetting av to køyregrinder. Samla løyving vert då kr. 24.620,-.

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 24 620 kroner i tilskot.

#### Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.10.2026. Dersom du ikke overheld fristen, fall tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikke at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Det kan søkjast om utsetting av arbeidsfrist i inntil to år ut fra skriftleg grunngjeving. Søknad om utsetting må sendast seinast ein månad før fristen går ut.

Gjerdet skal være permanent med gjerdeneot, toppstreng og bendsletråd.

Området skal nyttast til beite i minimum 10 år fra løyving.

Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

Løyvd tilskot kan trekkest attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet.

#### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalde utfylt rapporteringsskjema inkl. rekneskap.

Timeliste som dokumenterer eige arbeid

Bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Bilete av arbeidet etter at tiltaket er ferdig.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 85 600 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

## **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

## **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

## **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
Alver kommune

Saksbehandla av: Svein Arne Vågane

Godkjend av: Laila Bjørge